

FAU- møte, Skei skule, måndag 13.februar 2023

Desse møtte: Hanne Kjørvik, Heidi Husetuft Flatjord, Annette Dale Natås, Camilla Øvrebø, Helene Hauge, Rigmor Heggheim, Ellen Bijsterbosch, Emma Fonn, Talina Flatjord Sunde, Anne Turid Bolset, Turid Jonetta Sandal, Hege Rokko Eide, Inger Elin Egge

Sak 1

Innleiing v/ rektor- saker i høve årshjul

Heidi ynskjer alle velkomne til eit felles FAU/ SMU- møte. Annette informerer om skuleruta for neste år som ligg på heimesida til Sunnfjord kommune, og informasjon om at resultatata frå elevundersøkinga 2022 er meir verna no enn tidlegare. Ordensreglementet frå Skei skule blei revidert nytt i 2022, og dette kjem ein til å ta opp som tema blant elevrådet og tilsette v/ Skei skule. Sunnfjord kommune sitt overordna reglement er gjeldande, men skulane har i tillegg sine egne trivsels -og ordensreglement.

Sak 2

Kartlegging ungdomsklubb

Heidi blei spurt av Skei miljøutvikling om å delta på eit møte ved bruk av kommunehuset på Skei. Det blei på førehand levert ut ein spørjeundersøking om interesse for ein ungdomsklubb på Skei og resultatet syner at elevane frå 7.- 10.klasse saknar ein plass å «henge» på fritida. Elevane ynskjer å ha fleire ulike aktivitetar på ungdomsklubben. På møtet fekk Heidi blant anna informasjon om kva «Løa» i Førde blir brukt til og informasjon om fleire stader i nærleiken som har starta opp ungdomsklubb. Skei miljøutvikling rådar FAU til å søkje midlar frå ulike stiftelsar, og høyre med andre stader om korleis dei driv ungdomsklubbar. Heidi luftar ideen til FAU om dette er ei sak for FAU. Det blir då ei krevjande oppgåve sidan det er mykje som må på plass, og ynskjer eit stort engasjement blant FAU. Forslag om å slå saman ungdommane frå Vassenden og Skei, og ha ein felles ungdomsklubb på Skei. Camilla kontaktar FAU- Vassenden og høyrer om det er moglegheiter for å skape ein felles ungdomsklubb for elevane, og Heggglund i Naustdal for å høyre korleis dei driv ungdomsklubben i Naustdal.

Sak 3

Ferie SFO

Heidi les opp brev som FAU (Camilla) har skrive for å fremje forslaget om å ha ferie- SFO ved Skei skule. Det blei sendt ut kartlegging på førehand i oktober 2022, og det er gode tal som syner for at det er behov for ferie- SFO ved Skei skule. I januar fekk FAU svar frå Sunnfjord kommune med at det pr. dags dato ikkje vert oppretta ferie- SFO ved Skei skule, men om det er nok påmelde kan dette tilbodet endre seg. I dag vert elevane som treng ferie- SFO levert til Vassenden til ukjende tilsette, og det er ikkje godt nok. Frå hausten av vert det mest truleg over 45 elevar på SFO, så behovet for ferie- SFO er der, særleg på sommaren. Annette vil fremje til kommunen om det er moglegheiter for å ha ferie- SFO ved Skei skule sommaren 2023. Camilla fremjar forslag om å gå ut med bindande påmelding til foreldre som treng

ferie- SFO no for å få ein fortgang i saken, og FAU støttar dette forslaget. Annette snakkar med ass. Rektor Maria Sture om dette.

Sak 4

Undersøking inntaksmodell- vidaregåande opplæring

Fau har fått spm. om å svare på ei undersøking om den nye inntaksmodellen i Vestland fungerer. Annette les opp korleis nærskule og tilleggsskule poeng verkar når elevane skal søkje studiefag. Elevrådet v/ Skei skule har svart på korleis inntaksmodellen påverkar elevane sine val når dei skal søkje vidaregåande opplæring. FAU fremjar eit hinder ved at elevar mistar poenga sine om dei ynskjer å søkje vidaregåande skule i Sogndal. FAU går gjennom undersøkinga og sender inn svara sine.

Sak 5

«Midt i trynet» (tema rus)- foredrag til elevar og foreldre i midten av mars

Rigmor informerer om at ho har snakka og avtalt med Torbjørn Gran. Rigmor har vore rundt til ulike bedrifter på Skei for å hjelpe til å sponse dette opplegget. 15.mars vert møtet, kanskje frå kl. 18.00? Elevane på 8.-10. får ta del i opplegget på dagtid medan foreldra på kveldstid. Rigmor kontaktar Thon hotell for å høyre om å låne eit møterom på kveldstid, og då kan ein eventuelt inkludere inn fleire av lokalbefolkninga for å få dette med seg. Elevrådet er positive til dette opplegget.

Sak 6

Elevrådet

Emma tek opp at ungdommane ynskjer seg gjerne ein ungdomsklubb på Skei og gjerne helst i sentrum. Besøk førre veke på Skei skule frå den kommunale skuleleiinga v/Åge Stafnes og Andreas Fonn Macsik. Dei møtte leiinga, stegteamleiarane, ulike lærarar og elevrådet. Møtet blei oppfatta som positivt for elevrådet der dei fekk fremje meiningane sine.

Tilbakemeldingane frå Åge og Andreas er at møtet med elevrådet var særleg kjekt å vere med på og dei fekk inntrykk av at det er godt å vere elev på Skei skule. I referatet frå elevrådet fortel elevane at dei har det dei treng på Skei skule, at det er gode venskap på skulen og at elevane er gode å inkludere kvarandre. I tillegg snakka dei om at det er eit godt læringsmiljø på skulen. Uteområdet vart nemnt og, med særleg vekt på at mellomtrinnet og ungdomsskulen ikkje må bli gløymt sjølv om prosessen er godt i gong på barneskulen. Elevrådet fortel og at det er for mykje skjerm i skuletida, då det er mykje skjermbruk både i undervisninga og som lekse heime og fleire elevar slit med hovudverk. Emma fremjar og eit ynskje om ein ny «bærekraft» dag for ungdomsskulen som dei hadde i fjor.

Sak 7

Ymse

Neste FAU- møte vert måndag, 24.april klokka 18.00

Referent: Hanne Kjørvik